

Dykkar ref

Vår ref

Dato

26/473-

10. februar 2026

## Høyring om forslag til ny psykisk helsevernforskrift

Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring forslag til ny psykisk helsevernforskrift. Forskrifta vil erstatte forskrift 16. desember 2011 nr. 1258 om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern m.m.

Høyringsfristen er **10. mai 2026**.

### Bakgrunnen for forslaget

Stortinget vedtok våren 2025 endringar i psykisk helsevernloven og pasient- og brukerrettighetsloven. Det gjekk fram av lovproposisjonen at departementet ville sørge for nødvendige forskriftsendringar som følgje av lovendringane.

Departementet foreslår at dagens forskrift blir erstatta med ei ny forskrift, mellom anna for å vere i samsvar med endringar i psykisk helsevernloven og pasient- og brukerrettighetsloven som trer i kraft 1. juni 2026.

### Hovudinnhaldet i høyringsnotatet

Forslaget vidarefører i hovudsak føresegner i gjeldande forskrift, men omfattar og enkelte nye reguleringar.

Departementet foreslår nye føresegner om kontrollkommisjonen si kontroll med avgjerder om å gi helsehjelp til pasientar med alvorleg sinnsliding som manglar beslutningskompetanse, men som ikkje set seg imot behandlinga.

Vidare blir det foreslått å utvide åtgangen for kommuneoverlegen til å delegere mynde til å fatte vedtak om tvungen legeundersøking, samt å forskriftsfeste plikt til å fatte vedtak også når tvungent psykisk helsevern ikkje blir etablert.

Departementet foreslår og ei tydelegare regulering av langvarig bruk av mekaniske tvangsmiddel. Forslaget følgjer opp Sivilombodets tilråding om å vurdere utforminga av gjeldande føresegner, mellom anna når det gjeld kravet om «friare forpleining».

Vidare foreslår departementet å forskriftsfeste månadleg tilsyn med barn frå kontrollkommisjonen og å tydeleggjere kravet til bustad ved tvungent psykisk helsevern utan døgnopphald. Departementet foreslår og å oppheve reglane om privat forpleiing, då ordninga ikkje lenger blir brukt i praksis.

Vi ber om at høyringsuttalane sendast inn digitalt på regjeringen.no under «Send inn høyringssvar». Her er det mogleg å registrere seg, mellomlagre svar og laste opp vedlegg. Det er også anledning til å sende høyringsuttalar utan å registrere seg. Høyringar er opne, og alle kan sende høyringsuttalar til oss. Merk at uttalar som hovudregel er offentlege etter offentleglova, og vil bli publisert saman med andre høyringsuttalar. Høyringsinstansane bes om å vurdere om høyringsnotatet bør sendast til underliggande etatar eller verksemdar, tilknytte verksemdar, medlemmer eller liknande.

Spørsmål om høyringa kan rettes til seniorrådgivar Eldrid Byberg (eldrid.byberg@hod.dep.no, tlf. 92602967).

Med helsing

Elisabeth Salvesen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Pasoon Saadat  
konsulent

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*